

**KOMMUNESTYRET
MØTEPROTOKOLL**

Møtedato:	21.11.2019
Møtestad:	Fjell rådhus - Komitésalen
Møtetid:	kl 09:00 - 19:45

Kl. 09.00 - 14.00 - Folkevaldopplæring

Kl. 14.00 - Det ordinære møtet startar

Kl. 14.15 - 15.15 - Rådmannen legg fram Informasjon om budsjett

kl. 15.25 - 15.45 - Informasjon om MOT v/Regionleiar i Hordaland Regina Njåstad Vestrheim

Andre orienteringar i møtet:

- Byveksttale

- Skuleprosjektet – elev i nye Øygarden Kommune

Medlemer som møtte	Parti/Organisasjon
Espen Cornell Jacobsen	Arbeiderpartiet (Ap)
Espen Stølsnes Harketstad	Arbeiderpartiet (Ap)
Marianne Sandahl Bjørøy	Arbeiderpartiet (Ap)
Mons Tore Nakken	Arbeiderpartiet (Ap)
Ruben Håvik	Arbeiderpartiet (Ap)
Åse Gunn Husebø	Arbeiderpartiet (Ap)
Einar Hadler Jakobsen	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Per Reidar H. Wergeland Asheim	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Svein Otto Jacobsen	Fremskrittspartiet (FrP)
Torgeir Benjamin Nyborg	Fremskrittspartiet (FrP)
Andreas Tjong Kallekleiv	Høgre (H)
Anne-Sissel Fjæreide	Høgre (H)
Ernst Morten Einarsen	Høgre (H)
Inge Kausland	Høgre (H)
Michael Sangolt	Høgre (H)
Nils Kåre Skoge	Høgre (H)
Robert Kaupang Sæle	Høgre (H)
Silvia Haugland	Høgre (H)
Tom Georg Indrevik	Høgre (H)
Atle Dāvøy	Kristelig folkeparti (KrF)
Helge Nilsen	Kristelig folkeparti (KrF)
Torill Selsvold Nyborg	Kristelig folkeparti (KrF)
Vidar Klepsvik	Kristelig folkeparti (KrF)
Bjørn Tore Hatletun	Miljøpartiet Dei Grøne (MDG)
Maria Thomassen	Miljøpartiet Dei Grøne (MDG)

Nils Bjarte Sæle	Raudt
Hege Misje	Sotralista (SL)
Jan Utkilen	Sotralista (SL)
Kjell Rune Garlid	Sotralista (SL)
Nina Glesnes	Sotralista (SL)
Anita Andrine Skjold Hellesø	Senterpartiet (Sp)
Solveig Dale Rong	Senterpartiet (Sp)
Eva Aarskog	Sosialistisk Venstreparti (SV)
Symphorien Pombe	Sosialistisk Venstreparti (SV)
Børge Haugetun	Venstre (V)

Medlemer med forfall	Parti/ Organisasjon	Varamedlemer som møtte	Parti/ Organisasjon
Geir Knarvik Fjeldstad	Ap	Sverre Sangolt	Ap
Linn Raaheim-Nordfonn	Ap	Egil Haaland	Ap
Leif Bjarne Fjellro	FNB	Bjarne Karsten Bergesen	FNB
Odd Erik Lind	FNB	Anfinn Hammer Feng	FNB
Anita Garlid Johannessen	FrP	Kristin Børve Jacobsen	FrP
Svein Berger Bjørge	FrP	Anders Algerøy Hjartøy	FrP
Synne Nordøy	H	Merete Rong Sløveren	H
Nils Bjarne Tofterå	SL	Elna Nybakk	SL
Hogne Hole	Sp	Vivian Steinsland	Sp
Sølvi Kobbeltvedt	Sp	May Britt Hevrøy	Sp

Møteleiar	Tom Georg Indrevik
Møtesekretær	
Frå administrasjonen møtte	

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

SAKLISTE:

Sak nr.	Sakstittel
015/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll
016/19	Referatsaker og orienteringer
017/19	MOT i nye Øygarden kommune – styringsstruktur
018/19	Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Øygarden kommune
019/19	Politisk delegeringsreglement
020/19	Reglement for møte i folkevalde organ
021/19	Harmonisering av satsar for økonomisk sosialhjelp
022/19	Utkast til møteplan for 1. halvår 2020 for folkevalde i Øygarden kommune
023/19	Språkbruksplan for Øygarden kommune
024/19	Val av administrasjonsutval for perioden 2019-2023
025/19	Val av eldrerådet for perioden 2019-2023
026/19	Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne, for perioden 2019-2023
027/19	Val av ungdommens kommunestyre (UKS)
028/19	Val av kommunalt medlem og varamedlem til Øygarden kyrkjelege fellesråd for perioden 2019-2023
029/19	Val av representantar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019 -2023
030/19	Søknad om fritak frå politisk verv i kommunestyret og formannskapet
031/19	Økonomiske vilkår for folkevalde for perioden 2019-2023
032/19	Interpellasjonar og spørsmål
033/19	Val av representantar til styret for Øygarden brann og redning

015/19: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Innstilling til vedtak

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Merknad til møteprotokollen frå Mariane Sandahl Bjorøy (Ap):

I intensjonsavtalen står det om kontrollutvalg og at det skal velges 3 medlemmer fra kommunestyret til kontrollutvalget. Det ble valgt to medlemmer.

Dette avviker fra intensjonsavtalen og det er ingen begrunnelse for dette avviket.

Når det gjøres avvik fra intensjonsavtalen så forventes det at det argumenteres og begrunnes hvorfor flertallet ønsker å gjennomføre avvik.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 015/19

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre med merknad som over. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

016/19: Referatsaker og orienteringer

Innstilling til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

REFERATSAKAER:

Det var ingen merknadar til referatsaka.

ORIENTERINGAR:

- **Rådmann Rune Lid orienterte om budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023**
Desse tok ordet i samband med orienteringa: Ernst Einarsen (H), Torill Selsvold Nyborg (KrF), Einar Hadler Jacobsen (FNB), Symphorien Pombe (SV), Maria Thomassen (MDG), Svein Otto Jacobsen (FrP)
- **Ordførar Tom Georg Indrevik orienterte om byvekst**
Desse tok ordet i samband med orienteringa: Svein Otto Jacobsen (FrP), Marianne Sandahl Bjorøy (Ap), Børge Haugetun (V)
- **Vigleik Brekke orienterte om skuleprosjektet - elev i nye Øygarden Kommune**
Informasjon om prosjektet: <http://www.elevnyeoygarden.no/>
Desse tok ordet i samband med orienteringa: Børge Haugetun (V), Nils Kåre Skoge (H)
- **Informasjon om MOT v/Regionleiar i Hordaland Regina Njåstad Vestrheim**
Desse tok ordet i samband med orienteringa: Anita Hellesø (Sp), Symphorien Pompe (SV),

Helge Nilsen (KrF)

Alle presentasjonane vert lagt ved denne saka.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 016/19

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

017/19: MOT i nye Øygarden kommune – styringsstruktur

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til tilrådinga om organisering og styringsstruktur av MOT-arbeidet slik det går fram av saka.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Endringsforslag frå Åse Gunn Husebø Ap

Kommunestyret sluttar seg til tilrådinga og styringsstruktur av MOT arbeidet slik det går fram av saka med følgjande endring: Ein MOT coach frå kvar av dei 4 ungdomsskulane deltek i styret.

Røysting: Forslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Åse Gunn Husebø (Ap), Anita Skjold Hellesø (Sp), Børge Haugetun (V), Atle Dåvøy (KrF), Eva Aarskog (SV), Espen Harkestad (Ap), Nils Kåre Skoge (H), Svein Otto Jacobsen (FrP)

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 017/19

Kommunestyret sluttar seg til tilrådinga og styringsstruktur av MOT arbeidet slik det går fram av saka med følgjande endring: Ein MOT coach frå kvar av dei 4 ungdomsskulane deltek i styret.

018/19: Etske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Øygarden kommune

Innstilling til vedtak: Kommunestyret vedtek revidert utgåve av etske retningslinjer for Øygarden kommune, der avsnittet om seksuell trakassering er teke med under punkt 9. uønskt åtferd/ rett til å varsle.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Endringsforslag frå Ap - ekstra avsnitt pkt. 9, første setning Egil Haaland Ap

I Øygarden kommune er det nulltoleranse for seksuell trakassering, og det vert ikkje tolerert at tilsette eller folkevalde vert utsett for, eller utøver, slikt maktmisbruk.

Desse tok ordet i saka:

Egil Haaland (Ap)

Innstillinga med forslag til endring frå Ap vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 018/19

Kommunestyret vedtek revidert utgåve av etiske retningslinjer for Øygarden kommune, der avsnittet om seksuell trakassering er teke med under punkt 9. uønskt åtferd/ rett til å varsle med slikt ekstra avsnitt til pkt 9, første setning:

I Øygarden kommune er det nulltoleranse for seksuell trakassering, og det vert ikkje tolerert at tilsette eller folkevalde vert utsett for, eller utøver, slikt maktmisbruk.

019/19: Politisk delegeringsreglement

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek framlegg til reglement for delegering av politisk mynde til politiske utval og til rådmannen slik det ligg føre.
2. Kommunestyret vedtek at tittelen «rådmann» framleis skal nyttast på administrasjonen sin øvste leiar.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Endringsforslag frå H, KrF, FrP, V og SL Ernst Morten Einarsen H

1. Kommunestyret vedtek framlegg til reglement for delegering av politisk mynde til politiske utval og til rådmannen med følgjande endringar:

Endring under punkt 1. - 7. avsnitt:

Prinsipielle saker er saker som krev ei breiare skjønsmessig.....

Slette ordet «breiare»

Utvide neste setning med «endra nivå på tenestene,» slik at den lyder slik:

«Dei kan t.d. medføre prioriteringar som inneber ein ny praksis, endra nivå på tenestene, eller ein ny praksis.

Endring av ordlyd i punkt 7.6 - Mynde i personalsaker slik at den lyder:

«Mynde til å opprette stillingar / årsverk innan for gjeldene budsjett / politiske vedtak ligg til Rådmannen»

Røysting: **Endringane under punkt 1 vart samrøystes vedteken.**

2. Kommunestyret vedtek at tittelen «Kommunedirektør» skal nyttast på administrasjonen sin øvste leiar.

Punkt 2 i innstillinga vart set opp mot punkt 2 i forslaget.

Røysting: 24 røysta for punktet (namnet kommunedirektør) og 21 røysta for (namnet rådmann).

Punktet vart vedteke.

Endringsforslag frå Ap Ruben Håvik Ap

I nye Øygarden kommune skal tittelen kommunedirektør nyttast på kommunen sin øverste administrative leiar.

Røysting: 24 røysta for punktet (namnet kommunedirektør) og 21 røysta for (namnet rådmann).
Forslaget vart vedteke.

Endringsforslag frå MDG Maria Thomassen MDG

Kommunestyret vedtek at tittelen «Kommunedrivar» skal nyttast på administrasjonen sin øvste leiar.

Dette forslaget vart det ikkje røysta over då tittelen på administrasjonen sin øvste leiar er nedfelt i kommunelova.

Desse tok ordet i saka:

Ernst Morten Einarsen (H), Ruben Håvik (Ap), Børge Haugetun (V), Jan Utkilen (SL), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Nina Glesnes (SL), Børge Haugetun (V), Andreas Kallekleiv (H), Sven Otto Jacobsen,

Forslaga vert sett opp mot kvarandre.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 019/19

1. Kommunestyret vedtek framlegg til reglement for delegering av politisk mynde til politiske utval og til rådmannen med følgjande endringar:

Endring under punkt 1. - 7. avsnitt:

Prinsipielle saker er saker som krev ei breiare skjønnsmessig.....
Slette ordet «breiare»

Utvide neste setning med «endra nivå på tenestene,» slik at den lyder slik:

«Dei kan t.d. medføre prioriteringar som inneber ein ny praksis, endra nivå på tenestene, eller ein ny praksis.

Endring av ordlyd i punkt 7.6 - Mynde i personalsaker slik at den lyder:

«Mynde til å opprette stillingar / årsverk innan for gjeldene budsjett / politiske vedtak ligg til Rådmannen»

2. Kommunestyret vedtek at tittelen «Kommunedirektør» skal nyttast på administrasjonen sin øvste leiar.

020/19: Reglement for møte i folkevalde organ

Innstilling til vedtak:

Reglement for saksbehandling i folkevalde organ vert vedteke slik det ligg føre, med følgjande endringar:

- Pkt. 8.4 3. avsnitt Møtetidspunkt: Formannskapsmøta skal på same måten finne stad på tysdagar, utvalsmøta i utval for tenester og levekår og utval for samfunnsutvikling på onsdagar, og utval for plan på torsdagar.
- Elektronisk kommunikasjon – møteportal for folkevalde skal nyttast ved melding om forfall pkt. 9.2, melding om manglande habilitet pkt. 10.3, framlegg i møte pkt. 10.8, protokollmerknadar pkt. 13 og svar på spørsmål frå spørjetimen pkt. 11.1. Reglementet vil bli justert i samsvar med dette.

- Pkt. 13 Setning utgår: «Møteleiaren og minst to andre av dei som er med i møtet skriv under møteboka»
- Pkt. 15 Setning utgår: «Kommunestyret skal sjølv fastsetje eit reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er til behandling.»
- Rådmannen får fullmakt til å redigere dokumentteksten slik at den samsvarar med gjeldande rett. Gjeld berre endring av tekst som omhandlar t.d. henvising til lovparagraf og elles generell bruk av omgrep, som ikkje endrar faktainnhald.
-

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Tilleggsforslag frå Ap Espen Cornell Jacobsen Ap

Det blir tilrettelagt teleslyngeanlegg i alle møterom der det foregår offentlige møter.

Desse tok ordet i saka:

Espen Cornell Jacobsen (Ap), Silvia Haugland (H), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Egil Haaland ()Svein Otto Jacobsen (FrP), Nina Glesnes (SL)

Innstillinga + tilleggsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 020/19

Reglement for saksbehandling i folkevalde organ vert vedteke slik det ligg føre, med følgjande endringar:

- Pkt. 8.4 3. avsnitt Møtetidspunkt: Formannskapsmøta skal på same måten finne stad på tysdagar, utvalsmøta i utval for tenester og levekår og utval for samfunnsutvikling på onsdagar, og utval for plan på torsdagar.
- Elektronisk kommunikasjon – møteportal for folkevalde skal nyttast ved melding om forfall pkt. 9.2, melding om manglande habilitet pkt. 10.3, framlegg i møte pkt. 10.8, protokollmerknadar pkt. 13 og svar på spørsmål frå spørjetimen pkt. 11.1. Reglementet vil bli justert i samsvar med dette.
- Pkt. 13 Setning utgår: «Møteleiaren og minst to andre av dei som er med i møtet skriv under møteboka»
- Pkt. 15 Setning utgår: «Kommunestyret skal sjølv fastsetje eit reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er til behandling.»
- Rådmannen får fullmakt til å redigere dokumentteksten slik at den samsvarar med gjeldande rett. Gjeld berre endring av tekst som omhandlar t.d. henvising til lovparagraf og elles generell bruk av omgrep, som ikkje endrar faktainnhald.

Det blir tilrettelagt teleslyngeanlegg i alle møterom der det foregår offentlege møter.

021/19: Harmonisering av satsar for økonomisk sosialhjelp

Innstilling til vedtak:

1.	Kommunestyret vedtek følgjande satsar for økonomisk sosialhjelp:	
	Einslege utan barn	kr. 6.150,- pr mnd
	Ektepar/sambuarar	kr. 10.250,- pr mnd
	Personar som deler hushald	kr. 5.150,- pr mnd
	Barn 0-5 år	kr. 2.400,- pr mnd
	Barn 6-10 år	kr. 2.900,- pr mnd

2.	Barn 11-17 år Det vert ikkje gitt barnetillegg frå barn nr. 4. I familiar med 4 eller fleire barn reknast stønad ut frå dei eldste barna.	kr. 3.400,- pr mnd
3.	Barnetrygd vert halden utanfor ved utrekning. Andre inntekter vert medrekna.	
4.	Satsane vert regulert i tråd med konsumprisindeksen	

Behandling i Formannskapet 05.11.2019:

Fellesforslag frå formannskapet Silvia Haugland H

Forslag til endring under punkt 1 i innstilling til vedtak:

Endre satsane til barn 6-10 år opp til statleg sats kr 3.100,- og barn 11-17 år opp til statleg sats kr 4.000,-

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Endringsforslag frå KrF Torill Selsvold Nyborg KrF

Forslag til endring under punkt 2 i innstilling til vedtak:

Alternativ 3 i saksframlegget - Det gis barnetillegg tilsvarende alder for alle barn i familien.

2 røysta for forslaget KrF(1), MDG(1) og 9 røysta for punkt 2 i innstillinga H(3), Ap(2), SL(1), KrF(1), FNB(1), SP(1). Forslaget fall.

Punkt 1 i innstillinga med endring vart samrøystes vedteke

Punkt 2 i innstillinga vart vedteke med 9 mot 2 røyster

Punkt 3 og 4 i innstillinga vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet 05.11.2019 - saksnr. 004/19

1.	Kommunestyret vedtek følgjande satsar for økonomisk sosialhjelp:	
	Einslege utan barn	kr. 6.150,- pr mnd
	Ektepar/sambuarar	kr. 10.250,- pr mnd
	Personar som deler hushald	kr. 5.150,- pr mnd
	Barn 0-5 år	kr. 2.400,- pr mnd
	Barn 6-10 år	kr. 3.100,- pr mnd
	Barn 11-17 år	kr. 4.000,- pr mnd
2.	Det vert ikkje gitt barnetillegg frå barn nr. 4. I familiar med 4 eller fleire barn reknast stønad ut frå dei eldste barna.	
3.	Barnetrygd vert halden utanfor ved utrekning. Andre inntekter vert medrekna.	
4.	Satsane vert regulert i tråd med konsumprisindeksen	

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Forslag til endring i pkt. 2 frå SV, MDG og Raudt Eva Aarskog SV

Vi foreslår endring av satsane slik at alle kategoriar fylgjer staten sine satsar.

Born 6- 10 år kr 3.100, born 11 - 17 år kr 4.000.

Forslag til endring i pkt. 2:

Det skal ytast stønad for alle born tilsvarende alder i samsvar med staten sine satsar.

Røysting: 11 røysta for punktet (Krf (4), SV (2), FNB (2), MDG (2), Raudt(1)) og 34 røysta mot (AP (8), SP (4), H (10), FrP (4), SL (5), V (1), FNB (2)). **Forslaget fall.**

Desse tok ordet i saka:

Eva Aarskog (SV), Vidar Klepsvik (KrF), Symphorien Pombe (SV), Bjørn Tore Hatletun (MDG), Børge Haugetun (V), Atle Dåvøy (KrF), Svein Otto Jacobsen (FrP), Åse Gunn Husebø (Ap), Kristin Børve Jacobsen (FrP), Helge Nilsen (KrF), Torill Selsvold Nyborg (KrF)

Punkt 1, 3 og 4 vart samrøystes vedteke. Formannskapet si tilråding vart vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 021/19

1.	Kommunestyret vedtek følgjande satsar for økonomisk sosialhjelp:	
	Einslege utan barn	kr. 6.150,- pr mnd
	Ektepar/sambuarar	kr. 10.250,- pr mnd
	Personar som deler hushald	kr. 5.150,- pr mnd
	Barn 0-5 år	kr. 2.400,- pr mnd
	Barn 6-10 år	kr. 3.100,- pr mnd
	Barn 11-17 år	kr. 4.000,- pr mnd
2.	Det vert ikkje gitt barnetillegg frå barn nr. 4. I familiar med 4 eller fleire barn reknast stønad ut frå dei eldste barna.	
3.	Barnetrygd vert halden utanfor ved utrekning. Andre inntekter vert medrekna.	
4.	Satsane vert regulert i tråd med konsumprisindeksen	

022/19: Utkast til møteplan for 1. halvår 2020 for folkevalde i Øygarden kommune

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vedtek møteplan for 1. halvår 2020 slik den ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Endringsforslag frå Svein Otto Jacobsen FrP

Møte i utval for plan blir lagt til torsdager kl 16.30.

Røysting: 20 røysta for forslaget (SL (5), (H (8), FrP (4), V (1), KrF (2)) og 25 røysta mot KrF (2), H (2), AP (8), SP (4), SV (2), FNB (4), MDG (2), Raudt (1)). **Forslaget fall.**

Endringsforslag frå Maria Thomassen MDG

Starte møter kl 09.00 ikke 14.00.

Røysting: 2 røysta for forslaget (MDG) og 43 røysta mot (AP (8), SP (4), SV (2), FNB (4), Raudt(1), (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)).

Forslaget fall.

Desse tok ordet i saka:

Maria Thomassen (MDG), Svein Otto Jacobsen (FrP), Robert Kaupang Sæle (H), Åse Gunn Husebø (Ap), Nils Kåre Skoge (FrP), Silvia Haugland (H)

Møteplanen vart samrøystes vedteke utanom endringsforslaga over.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 022/19

Kommunestyret vedtek møteplan for 1. halvår 2020 slik den ligg føre.

023/19: Språkbruksplan for Øygarden kommune

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner språkbruksplan for Øygarden kommune slik han ligg føre.
2. Administrasjonsspråket i Øygarden kommune skal vera nynorsk.
3. Øygarden kommune melder seg inn i Landssamanslutninga av nynorskkommunar med verknad frå 2020.

Behandling i Utval for tenester og levekår 06.11.2019:

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 06.11.2019 - saksnr. 006/19

Utvalet har følgjande tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner språkbruksplan for Øygarden kommune slik han ligg føre.
2. Administrasjonsspråket i Øygarden kommune skal vera nynorsk.
3. Øygarden kommune melder seg inn i Landssamanslutninga av nynorskkommunar med verknad frå 2020.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Desse tok ordet i saka:

Jan Utkilen (SL), Nina Glesnes (SL), Sverre Sangolt (Ap), Børge Haugetun (V), Ernst Einarsen (H)

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 023/19

1. Kommunestyret godkjenner språkbruksplan for Øygarden kommune slik han ligg føre.
2. Administrasjonsspråket i Øygarden kommune skal vera nynorsk.
3. Øygarden kommune melder seg inn i Landssamanslutninga av nynorskkommunar med verknad frå 2020.

024/19: Val av administrasjonsutval for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Administrasjonsutvalet skal ha (antal) kommunale representantar med minst like mange varamedlemer.

Følgjande kommunale medlemer og varamedlemer vert vald til administrasjonsutvalet for perioden 2019-2023:

Medlemer	Varamedlemer

Leiar:

Nestleiar:

Dei tilsette sine organisasjonar vert invitert til å velje (antal) medlemer med varamedlemer for to år om gongen.

Behandling i Valnemnda 19.11.2019:

Samrøystes tilråding

Vedtak i Valnemnda 19.11.2019 - saksnr. 001/19

Valnemnda har slik tilråding til kommunestyret:

Administrasjonsutvalet skal ha 5 kommunale representantar med 5 varamedlemer.

Følgjande kommunale medlemer og varamedlemer vert vald til administrasjonsutvalet for perioden 2019-2023:

Medlemer: 5	Varamedlemer:
Ordførar Tom Georg Indrevik (H)	Silvia Haugland (H)
Varaordførar Torill Selsvold Nyborg (KrF)	Jan Utkilen (SL)
Espen Harkestad (Ap)	Marianne Bjørøy (Ap)
Anita Skjold Hellesø (Sp)	Odd Erik Lind (FNB)

Leiar:

Nestleiar:

Dei tilsette sine organisasjonar vert invitert til å velje (antal) medlemer med varamedlemer for to år om gongen.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Fellesframlegg Nils Kåre Skoge H

Tom Georg Indrevik (H) Vara Silvia Haugland (H)

Torill Selsvold Nyborg (KrF) Vara Jan Utkilen (SL)

Espen Harkestad (Ap) Vara Marianne Bjørøy (Ap)

Anita Skjold Hellesø (Sp) Vara Odd Erik Lind (Fnb)

Leiar: Ordførar Tom Georg Indrevik (H)

Nestleiar: Varaordførar Torill Selsvold Nyborg (KrF)

Dei tilsette sine organisasjonar vert invitert til å velje (2) medlemer med varamedlemer for to år om gongen.

Desse tok ordet i saka:

Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Silvia Haugland (H), Nils Kåre Skoge (H)

Rådmannen vil koma tilbake med eventuell supplering

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 024/19

Administrasjonsutvalet skal ha 4 kommunale representantar med minst like mange varamedlemer.

Følgjande kommunale medlemer og varamedlemer vert vald til administrasjonsutvalet for perioden 2019-2023:

Medlemer: 6	Varamedlemer:
1. Tom Georg Indrevik (H)	1. Silvia Haugland (H)
2. Torill Selsvold Nyborg (KrF)	2. Jan Utkilen (SL)
3. Espen Hørkestad (Ap)	3. Marianne Bjørøy (Ap)
4. Anita Skjold Hellesø (Sp)	4. Odd Erik Lind (FNB)
Leiar: Ordførar Tom Georg Indrevik	Nestleiar: Torill Selborg Nyborg

Dei tilsette sine organisasjonar vert invitert til å velje 2 medlemer med varamedlemer for to år om gongen.

025/19: Val av eldrerådet for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vel følgjande 7 medlemer og varamedlemer til Øygarden eldreråd:

Medlem	Varamedlem
1. Politisk representant	1. Politisk representant
2. Politisk representant	2. Politisk representant
3. Politisk representant	3. Politisk representant
4. Frå pensjonistforeningar	4. Frå pensjonistforeningar
5. Frå pensjonistforeningar	5. Frå pensjonistforeningar
6. Frå pensjonistforeningar	6. Frå pensjonistforeningar
7. Frå pensjonistforeningar	7. Frå pensjonistforeningar

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

2. Kommunestyret godkjenner vedtekter for Øygarden eldreråd, med følgjande endringar:

Behandling i Valnemnda 19.11.2019:

Samrøystes tilråding.

Vedtak i Valnemnda 19.11.2019 - saksnr. 002/19

Valnemnda har slik tilråding til kommunestyret:

Medlemer 9:	Varamedlemer:
Svein Olaf Drageland (pensjonistlaga)	Egil Haaland (pensjonistlaga)
Marit Karin Schmidt Lie (pensjonistlaga)	Marit Kjelby (pensjonistlaga)
Sverre Lorentz Bungum (pensjonistlaga)	Arne Øvretveit (pensjonistlaga)
Turid Kahrs (pensjonistlaga)	Kari Johnsen (pensjonistlaga)

Arne Magne Herdlevær (pensjonistlaga)	Arne Jagedal (pensjonistlaga)
Johnny Eide (LOP)	Brynhild Enerhaug (LOP)
John Kjell Fjeld (politisk representant)	Karin Florence Bjærum (politisk representant)
Berit Anita Larsen (H) (politisk representant)	Harald Rød (KrF) (politisk representant)
Vigdis James (politisk representant)	Cecilie Rosenvold (politisk representant)

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Fellesforslag og tilråding frå valnemnda Nils Kåre Skoge H

Kommunestyret vel følgjande medlemmer og varamedlemmer til Øygarden eldreråd:

Medlemer 9:	Varamedlemer:
Svein Olaf Drageland (pensjonistlaga)	Egil Haaland (pensjonistlaga)
Marit Karin Schmidt Lie (pensjonistlaga)	Marit Kjølby (pensjonistlaga)
Sverre Lorentz Bungum (pensjonistlaga)	Arne Øvretveit (pensjonistlaga)
Turid Kahrs (pensjonistlaga)	Kari Johnsen (pensjonistlaga)
Arne Magne Herdlevær (pensjonistlaga)	Arne Jagedal (pensjonistlaga)
Johnny Eide (LOP)	Brynhild Enerhaug (LOP)
John Kjell Fjeld (politisk representant)	Karin Florence Bjærum (politisk representant)
Berit Anita Larsen (politisk representant)	Harald Rød (politisk representant)
Vigdis James (politisk representant)	Cecilie Rosenvold (politisk representant)

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge (H)

Fellesforslaget/tilråding fra valnemnda og vedtekter for eldrerådet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 025/19

1. Kommunestyret vel følgjande 9 medlemmer og varamedlemmer til Øygarden eldreråd:

Medlemer 9:	Varamedlemer:
Svein Olaf Drageland (pensjonistlaga)	Egil Haaland (pensjonistlaga)
Marit Karin Schmidt Lie (pensjonistlaga)	Marit Kjølby (pensjonistlaga)
Sverre Lorentz Bungum (pensjonistlaga)	Arne Øvretveit (pensjonistlaga)
Turid Kahrs (pensjonistlaga)	Kari Johnsen (pensjonistlaga)
Arne Magne Herdlevær (pensjonistlaga)	Arne Jagedal (pensjonistlaga)
Johnny Eide (LOP)	Brynhild Enerhaug (LOP)
John Kjell Fjeld (politisk representant)	Karin Florence Bjærum (politisk representant)
Berit Anita Larsen (politisk representant)	Harald Rød (politisk representant)
Vigdis James (politisk representant)	Cecilie Rosenvold (politisk representant)

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

2. Kommunestyret godkjenner vedtekter for Øygarden eldreråd slik dei ligg føre.

026/19: Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne, for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vel følgjande 7 medlemmer og varamedlemmer til Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne:

Medlemmer:

.....
.....

Varamedlemmer:

.....
.....

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

2. Kommunestyret godkjenner vedtekter for Øygarden kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne, med følgjande endringar:.....

Behandling i Valnemnda 19.11.2019:

Samrøystes vedtak.

Vedtak i Valnemnda 19.11.2019 - saksnr. 003/19

Valnemnda har slik tilråding til kommunestyret

1. Kommunestyret vel følgjande 9 medlemmer og varamedlemmer til Øygarden kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Enid Andersen (FFO)	Rune Kobbeltvedt (FFO)
Britt-Marion Nonås (FFO)	Mari Mikkeltborg (FFO)
Gunnar Angeltveit (FFO)	Wenche Margrethe Buene (FFO)
Frode Solberg (SAFO)	Svein Arthur Pedersen (SAFO)
Helene Arefjord (SAFO)	Klara Ranveig Rong Fjeldstad (SAFO)
Anne-Karin Gørbitz (Frp)	Stig Inge Skjønhaug (SL)
Sindre Andre Andreassen (SV)	Vivian Steinsland (Sp)
Ernst Morten Einarsen (H)	Ingvild Skaar (Ap)

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Fellesforslag frå kommunestyret/tilråding frå valnemnda Nils Kåre Skoge H

1. Kommunestyret vel følgjande 9 medlemmer og varamedlemmer til råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Enid Andersen (FFO)	Rune Kobbeltvedt (FFO)
Britt-Marion Nonås (FFO)	Mari Mikkeltborg (FFO)
Gunnar Angeltveit (FFO)	Wenche Margrethe Buene (FFO)

Frode Solberg (SAFO)	Svein Arthur Pedersen (SAFO)
Helene Arefjord (SAFO)	Klara Ranveig Rong Fjeldstad (SAFO)
Christel Borge Bersaas-Nesse (SAFO)	Øystein Nesse (SAFO)
Anne-Karin Gørbitz (Frp)	Stig Inge Skjønhaug (SL)
Sindre Andre Andreassen (SV)	Vivian Steinsland (Sp)
Ernst Morten Einarsen (H)	Ingvild Skaar (Ap)

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge (H)

Fellesforslaget /tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 026/19

1. Kommunestyret vel følgjande 9 medlemmer og varamedlemer til råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Medlemer:	Varamedlemer:
Enid Andersen (FFO)	Rune Kobbeltvedt (FFO)
Britt-Marion Nonås (FFO)	Mari Mikkeltorg (FFO)
Gunnar Angeltveit (FFO)	Wenche Margrethe Buene (FFO)
Frode Solberg (SAFO)	Svein Arthur Pedersen (SAFO)
Helene Arefjord (SAFO)	Klara Ranveig Rong Fjeldstad (SAFO)
Christel Borge Bersaas-Nesse (SAFO)	Øystein Nesse (SAFO)
Anne-Karin Gørbitz (Frp)	Stig Inge Skjønhaug (SL)
Sindre Andre Andreassen (SV)	Vivian Steinsland (Sp)
Ernst Morten Einarsen (H)	Ingvild Skaar (Ap)

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

2. Kommunestyret godkjenner vedtekter for råd for menneske med nedsett funksjonsevne slik dei ligg føre.

027/19: Val av ungdommens kommunestyre (UKS)

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vel følgjande 11 medlemmer og varamedlemer (7) til ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden:

Medlemer:	Varamedlemer:
Adrian Aas Kleppe, 14 år (Fjell u.skule)	Anniken Schutz, 13 år (Fjell u.skule)
Marte Fjell Brommeland, 13 år (Tranev.u)	Konrad Ørn, 12 år (Tranevågen u.skule)
Ingrid Skjold, 14 år (Danielsen u.skule)	Leo Jung, 14 år (Danielsen u.skule)
Håkon Øvretveit, 14 år (Sund u.skule)	Ida Kvammen Rosendal, 14 år (Sund u.skule)
Rowena Risløw, 13 år (Øygarden u.skule)	Stefan Blom, 13 år (Øygarden u.skule)
Stine Lundmark, 16 år (Sotra vgs)	Therese Dyrøy, 17 år (Sotra vgs)

Viktoria Gushkova, 16 år (Sotra vgs) Geir Ove Spjeld, 15 år (Sotra vgs) Emil Øvretveit, 16 år (Amalie Skram vgs)	
Karoline Sæle Einevoll, 14 år (MOT) Thomas Mikal Hornnes, 15 år (MOT)	Marie Mjøs, 15 år (MOT)

Valet gjeld for to år, 2019-2021.

2. Kommunestyret vel følgjande representant som fast politisk kontaktperson for ungdommens kommunestyre (UKS) for kommunestyreperioden 2019-2023:.....
3. Kommunestyret godkjenner reglement for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden, med følgjande endringar:.....

Behandling i Valnemnda 19.11.2019:

Samrøystes tilråding.

Vedtak i Valnemnda 19.11.2019 - saksnr. 004/19

Valnemnda har slik tilråding til kommunestyret:

2. Kommunestyret vel følgjande representant som fast politisk kontaktperson for ungdommens kommunestyre (UKS) for kommunestyre perioden 2019 - 2023:

Varaordfører Torill Selsvold Nyborg

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Fellesforlag frå kommunestyret/tilråding frå valnemnda Nils Kåre Skoge H

Kommunestyret vel følgjande representant som fast politisk kontaktperson for ungdommens kommunestyre (UKS) for kommunestyreperioden 2019-2023: Torill Selsvold Nyborg (KrF)

Desse tok ordet i saka:

Egil Haaland (Ap), Nils Kåre Skoge (H)

Innstillinga + fellesforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 027/19

1. Kommunestyret vel følgjande 11 medlemmer og 7 varamedlemmer til ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden kommune:

Medlemer:	Varamedlemer:
Adrian Aas Kleppe, 14 år (Fjell u.skule)	Anniken Schutz, 13 år (Fjell u.skule)
Marte Fjell Brommeland, 13 år (Tranev.u)	Konrad Ørn, 12 år (Tranevågen u.skule)
Ingrid Skjold, 14 år (Danielsen u.skule)	Leo Jung, 14 år (Danielsen u.skule)
Håkon Øvretveit, 14 år (Sund u.skule)	Ida Kvammen Rosendal, 14 år (Sund u.skule)
Rowena Risløw, 13 år (Øygarden u.skule)	Stefan Blom, 13 år (Øygarden u.skule)
Stine Lundmark, 16 år (Sotra vgs)	Therese Dyrøy, 17 år (Sotra vgs)

Viktoria Gushkova, 16 år (Sotra vgs) Geir Ove Spjeld, 15 år (Sotra vgs) Emil Øvretveit, 16 år (Amalie Skram vgs)	
Karoline Sæle Einevoll, 14 år (MOT) Thomas Mikal Hornnes, 15 år (MOT)	Marie Mjøs, 15 år (MOT)

Valet gjeld for to år, 2019-2021.

2. Kommunestyret vel følgjande representant som fast politisk kontaktperson for ungdommens kommunestyre (UKS) for kommunestyreperioden 2019-2023: Torill Selsvold Nyborg (KrF)

3. Kommunestyret godkjenner reglement for ungdommens kommunestyre (UKS) i Øygarden slik det ligg føre.

028/19: Val av kommunalt medlem og varamedlem til Øygarden kyrkjelege fellesråd for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vel slikt medlem og varamedlem til kyrkjeleg fellesråd for perioden 2019-2023:

Medlem	Varamedlem

Behandling i Valnemnda 19.11.2019:

Samrøystes tilråding.

Vedtak i Valnemnda 19.11.2019 - saksnr. 005/19

Valnemnda har slik tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vel slikt medlem og varamedlem til kyrkjeleg fellesråd for perioden 2019-2023:

Medlem:	Varamedlem:
Hege Misje (SL)	Helge Nilsen (KrF)

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Fellesframlegg/tilråding frå valnemnda Nils Kåre Skoge H

Kommunestyret vel slikt medlem og varamedlem til kyrkjeleg fellesråd for perioden 2019-2023:

Medlem:	Varamedlem:
Hege Misje (SL)	Helge Nilsen (KrF)

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 028/19

ommunestyret vel slikt medlem og varamedlem til kyrkjeleg fellesråd for perioden 2019-2023:

Medlem:	Varamedlem:
----------------	--------------------

Hege Misje (SL)	Helge Nilsen (KrF)
-----------------	--------------------

029/19: Val av representantar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019 -2023

Innstilling til vedtak:

Som politisk representant til Vestland regionutval og vassområdeutvalet for perioden 2019-2023 vert vald

Representant:	Vararepresentant:

Behandling i Valnemnda 19.11.2019:

Samrøystes vedtak.

Vedtak i Valnemnda 19.11.2019 - saksnr. 006/19

Valnemnda har slik tilråding til kommunestyret

Som politisk representant til Vestland regionutval og vassområdeutvalet for perioden 2019-2023 vert vald

Medlem:	Varamedlem:
Ordførar Tom Georg Indrevik (H)	Varaordførar Torill Selsvold Nyborg (KrF)

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Fellesforslag frå kommunestyret /tilråding frå valnemnda Nils Kåre Skoge H

Medlem:	Varamedlem:
Ordførar Tom Georg Indrevik (H)	Varaordførar Torill Selsvold Nyborg (KrF)

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge (H)

Fellesforslaget/tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 029/19

Som politisk representant til Vestland regionutval og vassområdeutvalet for perioden 2019-2023 vert vald

Medlem:	Varamedlem:
Ordførar Tom Georg Indrevik (H)	Varaordførar Torill Selsvold Nyborg (KrF)

030/19: Søknad om fritak frå politisk verv i kommunestyret og formannskapet

Innstilling til vedtak:

Sølvi Kobbeltvedt får innvilga fritak frå sine politiske verv i kommunestyret og formannskapet i

perioden 01.01.20 – 01.07.20.

Suppleringsval:

- Kommunestyret vert supplert med automatisk opprykk av 1. vara frå Senterpartiet si liste
- Formannskapet vert supplert med 1. vara frå gjeldande fellesliste: **Hogne Hole**
- Formannskapet vert supplert med følgjande ny 1. vara frå Senterpartiet i fellesliste:.....

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Endringsforslag frå Sp Solveig Dale Rong Sp

Senterpartiet ynskjer at varamannsrekka vert flytta opp, og at Anita Skjold Hellesø (Sp) vert innstilt som ny siste vara til formannskapet.

Desse tok ordet i saka:

Solveig Dale Rong (Sp)

Innstillinga + forslaget frå Sp vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 030/19

Sølvi Kobbeltvedt (Sp) får innvilga fritak frå sine politiske verv i kommunestyret og formannskapet i perioden 01.01.20 – 01.07.20.

Suppleringsval:

- Kommunestyret vert supplert med automatisk opprykk av 1. vara frå Senterpartiet si liste
- Formannskapet vert supplert med 1. vara frå gjeldande fellesliste: **Hogne Hole**
- Formannskapet vert supplert med følgjande ny 1. vara frå Senterpartiet i fellesliste: **Anita Skjold Hellesø (Sp)**

031/19: Økonomiske vilkår for folkevalde for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vedtek «del 4 Ordningar for godtgjersle» slik det går fram av sluttrapporten for politisk styringsstruktur med dei endringar som er merka med raud tekst i saka.

Kommunestyret tek stilling til desse spørsmåla

- 19.2 Kva godtgjersle skal varaordførar ha i tillegg til den faste godtgjersla?
- 21.5 Personar utan ordinær lønsinntekt
 - Kva utval skal erstatninga gjelda for?
 - Skal erstatninga koma i tillegg til fast godtgjersle i utval?

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Endringsforslag frå Einar Hadler Jakobsen FNB

Økning av godtgjørelse til leder av utvalg for kontroll og revisjon til 20 %.

Røysting: 4 røysta for forslaget (FNB) og 41 røysta mot (AP (8), SP (4), SV (2), MDG (2), Raudt(1), (H

(10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)). **Forslaget fall.**

Endingsforslag frå Høyre, Sotralista, FrP, KrF, Venstre Torgeir Benjamin Nyborg FrP

19.2 Varaordførar

Varaordføraren si godtgjersle vert sett til 49% av ordføraren si .

Dette inkluderer teneste som fungerande ordførar ved behov t.d. ved ferie, sjukdom inntil 30 dagar og likande. Varaordføraren får ikkje godtgjersle for dei kommunale organ / styre han / ho er medlem i.

Røysting: 24 røysta for punktet (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)) og 21 røysta mot (AP (8), SP (4), SV (2), MDG (2), FNB (4), Raudt(1)). **Punktet vart vedteke.**

19.3 Formannskapet, hovudutvala og leiar av kontrollutvalet

Medlemene av Formannskapet og hovudutvala får en fast årleg godtgjersle tilsvarende 8% av ordføraren si. Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla.

Medlemmer i formannskapet / hovudutvala som vert valde inn i arbeidsutval o.l. får godtgjersle pr møte etter gruppe B – for desse sjå kap 20. Same gjeld saksordførarar

Leiar i kontrollutvalet skal i same periode ha fast godtgjersle tilsvarende 8% av ordføraren si. Han får ikkje betalt møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla.

Varamedlemmar som møter i meir enn 25% av utvalsmøta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte.

Røysting: 24 røysta for punktet (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)) og 21 røysta mot (AP (8), SP (4), SV (2), MDG (2), FNB (4), Raudt(1)). **Punktet vart vedteke.**

19.4 Utvalsleiarar

Leiarar i hovudutvala skal ha fast årleg godtgjersle tilsvarende 30% av ordføraren si. Denne skal dekke all politisk aktivitet knytt til rolla som hovudutvalsleiar.

Nestleiarane skal ha ei fast årleg godtgjersle på 15 % av ordføraren si. Denne skal dekke all politisk aktivitet knytt til rolla som nestleiar.

Røysting: 24 røysta for punktet (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)) og 21 røysta mot (AP (8), SP (4), SV (2), MDG (2), FNB (4), Raudt(1)). **Punktet vart vedteke.**

22. PENSJON OG FORSIKRINGAR

Folkevalde i verv på 50 % eller meir av 1/1 stilling, vert meld inn i same pensjonskasse som tilsette i kommunen.

Folkevalde i minst 50 % av 1/1 stilling er omfatta av gruppelivsforsikring og erstatning for yrkesskade/yrkessjukdom med same ytingar som for kommunale arbeidstakarar, jfr. HTA § 10 og 11. Folkevalde som er på reise i samband med vervet, er forsikra gjennom Øygarden kommune si reiseforsikring.

Røysting: 44 røysta for punktet (FNB (4), (AP (8), SP (4), SV (1), MDG (2), Raudt(1), (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)) og 1 røysta mot (Symphorien Pombe (SV)). **Punktet vart vedteke.**

Endringsforslag frå Raudt Nils Bjarte Sæle Raudt

Forslag til endring i sluttrapporten for politisk styringsstruktur punkt 19.1 ordfører, første linje:
« Ordføreren si godtgjersle vert i KS-perioden 2019-2023, sett til 87 % av stortingsrepresentantane si løn.»

Røysting: 3 røysta for forslaget (SV (2), Raudt (1) og 42 røysta mot (FNB (4), (AP (8), SP (4), MDG (2), (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)). **Forslaget fall.**

Endringsforslag frå Ap Egil Haaland Ap

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med sak som redegjør for hvordan pensjonsandel kan sikres for de folkevalgte som blir trukket i lønn fra arbeidsgiver, og hvor pensjonsinnskudd ikke blir innbetalt.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Utsettjingsforslag Einar Hadler Jakobsen FNB

Saka vert utsett.

Røysting: 21 røysta for utsettjingsforslaget (AP (8), SP (4), SV (2), MDG (2), FNB (4), Raudt(1)) og 24 røysta mot (H (10), FrP (4), SL (5), V (1), KrF (4)). **Forslaget fall.**

Desse tok ordet i saka:

Symphorien Pombe (SV), Nils Bjarte Sæle (Raudt), Marianne Sandahl Bjorøy (Ap), Svein Otto Jacobsen (FrP), Einar Hadler Jacobsen (FNB), Anita Skjold Hellesø (Sp), Torill Selsvold Nyborg (KrF), Nina Glesnes (SL), Egil Haaland (Ap), Mons Tore Nakken (Ap), Per Arsheim (FNB), Nils Kåre Skoge (H), Solveig Rong (Sp), Børge Haugetun (V), Eva Aarskog (SV)

Innstillinga vart samrøystes vedteke med endringar som går fram av dei vedtekne endringsforslaga.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 031/19

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med sak som redegjer for korleis pensjonsandel kan sikrast for dei folkevalde som blir trekt i løn fra arbeidsgjevar, og kor pensjonsinnskott ikkje blir innbetalt.

Kommunestyret vedtek «del 4 Ordningar for godtgjersle» slik det går fram av sluttrapporten for politisk styringsstruktur med dei endringar som er merka med raud tekst i saka. Kommunestyret gjorde desse endringane i dei økonomiske vilkåra:

19.2 Varaordfører

Varaordføreren si godtgjersle vert sett til 49% av ordføreren si .

Dette inkluderer teneste som fungerande ordfører ved behov t.d. ved ferie, sjukdom inntil 30 dagar og likande. Varaordføreren får ikkje godtgjersle for dei kommunale organ / styre han / ho er medlem i.

19.3 Formannskapet, hovudutvala og leiar av kontrollutvalet

Medlemene av Formannskapet og hovudutvala får en fast årleg godtgjersle tilsvarende 8% av ordføreren si. Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla.

Medlemmer i formannskapet / hovudutvala som vert valde inn i arbeidsutval o.l. får godtgjersle pr møte etter gruppe B – for desse sjå kap 20. Same gjeld saksordførarar

Leiar i kontrollutvalet skal i same periode ha fast godtgjersle tilsvarende 8% av ordføreren si. Han får ikkje betalt møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla.

Varamedlemmar som møter i meir enn 25% av utvalsmøta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte.

19.4 Utvalsleiarar

Leiarar i hovudutvala skal ha fast årleg godtgjersle tilsvarande 30% av ordføraren si. Denne skal dekke all politisk aktivitet knytt til rolla som hovudutvalsleiar.

Nestleiarane skal ha ei fast årleg godtgjersle på 15 % av ordføraren si. Denne skal dekke all politisk aktivitet knytt til rolla som nestleiar.

22. PENSJON OG FORSIKRINGAR

Folkevalde i verv på 50 % eller meir av 1/1 stilling, vert meld inn i same pensjonskasse som tilsette i kommunen.

Folkevalde i minst 50 % av 1/1 stilling er omfatta av gruppelivsforsikring og erstatning for yrkesskade/yrkessjukdom med same ytingar som for kommunale arbeidstakarar, jfr. HTA § 10 og 11. Folkevalde som er på reise i samband med vervet, er forsikra gjennom Øygarden kommune si reiseforsikring.

032/19: Interpellasjonar og spørsmål

Innstilling til vedtak

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Spørsmål frå Hege Misje SL

Dei to siste åra har Fjell kommune sendt elevane i 10. klasse på tur med Fredsreiser.

I Øygarden har turane vore eit økonomisk samarbeid mellom foreldre og kommunen, medan i Sund har det vore reint foreldrestyrt.

Korleis vert dette i det nye budsjettet og i den nye kommunen vidare? Det set no ein gjeng med 9. og 10. klassingar og ikkje veit om dei kjem seg på tur.

Ordførararen svara:

Dette vert å sjå på i samband med budsjettbehandlinga.

Interpellasjon frå Nils Bjarthe Sæle Raudt

Avisa Vestnytt har vår region som nedslagsfelt. Mange av kommunens innbyggere lesar avisa på nett og papir.

Samtidig virker avisens betalingsmur, som i seg selv er helt legitim, ekskluderende for de som ikke har økonomiske muligheter til å prioritere avisabonnement i sine budsjett.

Nettstedet Tunnelsyn er en annen og relativt ny mediekanal som dekker mange lokale saker, reklamefinansiert uten betalingsmur.

Spesielt innen politikk, samfunn og næring har man her utfordret Vestnytt's monopol, med andre vinklinger.

Flere politiske partier langs hele akse, fra FRP via KRF til SV og oss i Rødt, har nytt godt av muligheten til å nå ut til innbyggerne ved å skrive gjestekommentarer.

En tredje mediekanal som virker i vårt distrikt og når ut til mange innbyggere er Radio Sotra. Kanalen når ut til teknologifrelste som streamer radiosendinger via nettet og ny-luditter som sverger til etermedier over FM-båndet.

Radiokanalene er, og har over lang tid vært, et viktig demokratisk bidrag, gjennom kringkasting av

blant annet ordførerprat og kommunestyremøter.

Kommunen er, gjennom en rekke lover og forskrifter, forpliktet til å kunngjøre informasjon til sine innbyggere. Den som googler "en avis" og/eller "to aviser" på Lovdata.no vil snart danne seg et bilde av lovkravenes omfatning.

Formuleringer som "kunngjøre tid og sted i en avis eller et blad som er alminnelig lest", "gjøres tilgjengelig gjennom minst én avis som er alminnelig lest på stedet og elektroniske medier" og "kunngjøres i minst to aviser alminnelig lest på stedet" går igjen i lovtekstene.

Mens flere av landets regioner er prisgitt en enkelt lokal mediekanal, er vi her ute i havgapet velsignet med et lokalt mediemangfold vi skal være stolt av og samtidig hegne om.

Vårt forslag er derfor at kommunen og de underliggende selskaper, i sine lovpålagte kunngjøringer og annen tilsvarende kommunikasjon med innbyggere, gjør det til en regel at man benytter alle de tre ovennevnte mediekanalene, på likeartede og rettferdige vilkår.

Svar frå ordførar:

Kommunane har i dag ein strategisk samarbeidsavtale med Radio Sotra om beredskap og mellom anna lydsending av kommunestyremøta. Kommunane har også brukt Vestnytt som kommunikasjonskanal, men ikkje Tunnelsyn. Vi tek med oss innspela i interpellasjonen og vil koma tilbake med ein heilskapeleg kommunikasjonsplan for kommunen.

Desse tok ordet i saka:

Hege Misje (SL), Nils Bjarte Sæle (Raudt), Tom Georg Indrevik (H)

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 032/19

Spørsmål og interpellasjonar med svar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

033/19: Val av representantar til styret for Øygarden brann og redning

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel desse representantane til styret for Øygarden brann og redning KF:

Medlemer	Varamedlemer
1.	1.
2.	2.
3.	3.
4.	4.

Som leiar vert vald:

Som nestleiar vert vald:

Behandling i Valnemnda 19.11.2019:

Vedtak i Valnemnda 19.11.2019 - saksnr. 007/19

Representantar til styret vert lagt fram direkte i kommunestyremøtet.

Behandling i Kommunestyret 21.11.2019:

Forslag frå Høyre, Venstre, Sotralista, KrF, Frp Nils Kåre Skoge H

Fast medlem:

Per Rune Eikeseth (H), Leiar

Elna Nybakk (SL), Nestleiar

Vara nr 1 Trygve Wåge (H)

Vara nr 3 Silvia Haugland (H)

Forslag frå Ap, Sp, Mdg, SV, Fnb og Rødt: Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Fast medlem:

Åse Gunn Husebø (Ap)

Terje Strandtun (Sp)

Vara nr. 2 Espen Cornell Jacobsen (Ap)

Vara nr. 4 Irene Nesse Vorland

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge (H)

Forslaga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 21.11.2019 - saksnr. 033/19

Øygarden kommunestyre vel desse representantane til styret for Øygarden brann og redning KF:

Medlem:	Varamedlemer (numerisk):
1. Per Rune Eikeseth (H)	1. Trygve Wåge (H)
2. Elna Nybakk (SL)	2. Espen Cornell Jacobsen (Ap)
3. Åse Gunn Husebø (Ap)	3. Silvia Haugland (H)
4. Terje Strandtun (Sp)	4. Irene Nesse Vorland
Leiar: Per Rune Eikeseth (H)	Nestleiar: Elna Nybakk (SL)